



PETROLEUMSTILSYNET

Equinor Energy AS
Postboks 8500 Forus

4035 Stavanger

Vår sakshandsamar
Arne Halvor Embergstrud

Dykkar ref.
2021-007891

Vår ref. (ved svar)
Ptil 2021/910/AHE

Dato
21.01.2022

Pålegg etter tilsyn med ansvar, kompetanse og vedlikehold av alarmhandteringssystema i kontrollrom på Mongstad

I 2021 førte vi tilsyn med ansvar kompetanse og vedlikehold av alarmhandteringssystema i kontrollrommet på Mongstad. Vi viser til varselet om pålegg og oversendinga av rapporten vår. I samsvar med varselet gir vi følgjande pålegg:

Med heimel i rammeforskrifta § 69 om enkeltvedtak jf. Teknisk og operasjonell forskrift § 21 om menneske-maskin-grensesnitt og informasjonspresentasjon og Teknisk og operasjonell forskrift § 33a om kontroll- og overvåkningssystemer pålegg vi Equinor Mongstad å

- *sikre at kvar enkelt operatørsuite som blir nytta til å overvake, kontrollere og styre produksjonsprosessane, har ei forsvarleg alarmrate og ikkje aukar faren for feilhandlinger som kan ha betydning for tryggleiken,*
- *gjennomføre tiltak for å redusere alarmraten frå minst eit av dei aktuelle instrumenta som har vesentlege bidrag til alarmraten,*

jf. rapportkapittel 5.1.1: Mangelfull oppfølging av alarmsystem.

Frist for å etterkome pålegget er 01.06.2022. Vi skal ha melding når pålegget er etterkome.

Det kan klagast på vedtaket etter forvaltningslova § 28. Fristen er tre veker frå de mottek dette brevet. Arbeids- og sosialdepartementet er klageinstans, men ei

eventuell klage skal sendast til oss. Nærare opplysningar om klageretten og framgangsmåten kan fåast hos oss.

Vedtaket skal gjerast kjent for dei tillitsvalde for arbeidstakarane, mellom anna verneomboda, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 åttande ledd.

Vedtaket blir publisert på www.ptil.no.

Med helsing

Kjell Arild Anfinsen e.f.
Tilsynsleiar

Arne Halvor Embergstrud
Sjefingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har derfor ingen signatur